

Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 16.10.2018

Til stades: Gunnar Dalseth, Marta Samland, Angunn Handegard Trå, Sigmund Eiken, Thorleif Gjernes og Kaia Gulbrandsen

Meldt forfall: Jan-Tore Huus og Liv Bente Steiro

Referent: Kaia

Sak 2018/55: Godkjenning av innkalling og dagsorden; godkjent.

Sak 2018/56: Godkjenning av referat frå styremøte 11.09.18; godkjent

Sak 2018/57: Tilstellingar:

- Evaluering av haustmarknaden. Bra med folk. Flott konsert med HHB, vel 80 tilhøyrarar. Ca 120 komlemiddagar. Fantastisk innsats frå Luren 4H med servering av komler og kafe i gymsal. Her var litt lite kaffimat. Ingen laks for sal i år. Fullt auditorium to gonger til filmen «Den siste båtbyggjaren». Godt sal av mat og husflid i krambua. Ingen oversikt over det økonomiske resultatet enda.
- Oppsummeringsmøte etter turistsesongen 25.09.18. 12 personar møtte. Referat er utsendt. Aktuelle saker som må jobbast vidare med; perm med oversikt over overnatting/servering/attraksjonar/stiar ol i Herand i kiosk/butikk/kulturhistorisk senter/Meieriet. Kan mobildekninga i øvrebygda/fjellet betrast? Bygdelaget vil sende eit brev til mobilnettselskapa om saka. Parkering på kaien noko kaotisk i sommar – kva kan gjerast? Kan ein involvere kommunen meir i høve Herand? Saka med parkering må følgjast opp av båtlag/kommune/bygdelag/grunneigarar. Marknadsføring av bygda, kva kan gjerast felles? Nye eigarar av Kramsjø har nokre idear.
- Romjulsbasar – førebuingar. Basarbrev er utsendt styremedlemmar. Bygdelaget kjøper hovudgevinst – gåvekort Herand Landhandel på kr. 1000,-. Om nokon ynsker å gje gevinst, kan styremedlem kontaktast. På førehand takk for alle gaver!
- Deltaking på kurs for frivillige lag 25. oktober og 8.november, utsendt invitasjon til styremedlem. Kaia deltek. Me oppmodar andre lag i bygda og til å delta, dette er nyttig påfyll og læring for alle som driv med lags- og styrearbeid. Herand bygdelag melder seg inn i nyoppretta Ullensvang Amatørkulturråd.

Sak 2018/58: Eigedomar, investeringar:

- Leigeavtale for Meieriet med nye eigarar av Kramsjø er OK og signert.
- Skøyte for Meieriet, runde 3 med Kartverket, snart i boks. Her vert inga dokumentavgift.
- Ventar i skrivande stund på styremøte for Herand Landhandleri, møte i veke 41 vart utsett.
- Status lydanlegg etc. Utstyr kjem på plass. Vi må lage et system for opplæring.
- Betra situasjon med drenering ved akebakken. Sklia må monterast på rett plass, utan «unnarenn» og med sand i front.

Sak 2018/59: Økonomi / stønad / fristar:

Oversikt frå kasserer. Økonomien er tilfredsstillande og under god kontroll.

Sak 2018/60: Blom og abonnement på Bygdebladet til nyinnflyttarar.

Kven har kome til bygda i år? To innflyttarar får gåve.

Sak 2018/61: Eventuelt:

- Byggern Jondal skal bytte roten dragar i leskuret i haust.
- Det jobbast med å innhente prisar på nye glas til punkterte vindaug i kulturhuset. Thorleif Gjernes skal gjere jobben med å skifte glasa.
- Herand bygdelag vil kalle inn alle lag og lagshus i bygda til samordningsmøte i slutten av januar. Innkalling kjem.
- Dugnad med opprydding i og rundt kulturhuset 31. oktober kl 17. Alle velkomne til å delta! Kjem på facebook.

Neste styremøte tysdag 13.11.18 kl. 19.00 på Herand kulturhus.